

Utval: KIKS - Styret
Møtestad: Revsnes hotell, Byglandsfjord
Dato: 17.01.2020
Tid: 10.00

Forfall meldast til administrasjonen på e-post til: post@konsesjonskraft.no som syter for innkalling av varamenn. Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørn Ropstad	MEDL	AFK
Gro Bråten	MEDL	AFK
Nils Olav Larsen	MEDL	VEKOM
Inger Lise Lund Stulien	MEDL	ÅSEKO
Bjørn Gunnar Baas	MEDL	ÅMKOM
Jon Rolf Næss	MEDL	BYKKOM
Torunn Ostad	MEDL	AFK

leiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

Saksnummer	Innhald
PS 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 06.12.19
PS 3/20	Val av leiar og nestleiar i styret i Konesjonskraft IKS 2019-2023
PS 4/20	Referatsaker
RS 1/20	Konesjonskraft IKS sitt høyringssvar til kraftskatteutvalget sin rapport NOU 2019:16
PS 5/20	Rapportering - krafthandel og finans
PS 6/20	Status strategiplan
PS 7/20	Eventuelt
PS 8/20	Revisjon av selskapsavtale 2020-2029

PS 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteprotokoll

KIKS - Styret

Møtestad: Revsnes hotell

Dato: 06.12.2019

Tid: 10:00

Følgende politikere møtte:

Namn	Funksjon	Vara for
Margrethe Handeland	Medlem	
Terje Damman	Leder	
Mari Mykland	Nestleder	
Jon Rolf Næss	Medlem	
Jon-Olav Strand	Medlem	
Torunn Ostad	Medlem	
Svein Arne Jerstad	Medlem	

Frå administrasjonen og andre som møtte:

Namn

Marie Johnnysdotter

Pedersen

Laila Rysstad

Kontroller

Lena Kleven Flateland

Rådgjevar

Glenn Qvam Håkonsen

Dagleg leiar

Sveinung Skjevrak

Rådgjevar med ansvar for krafthandel

Valle, 17.12.2019

Marie Johnnysdotter Pedersen

Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnummer	Innhold
PS 35/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 36/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 11.11.2019
PS 37/19	2 tertial 2019
PS 38/19	Eventuelt

PS 35/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 06.12.2019

Ingen merknader. Innkalling og sakliste godkjent.

PS 36/19 Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 11.11.2019

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 06.12.2019

Ingen merknad til møteprotokoll.

PS 37/19 2 tertial 2019

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 06.12.2019

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Rekneskap 2. tertial 2019 blir tatt til orientering.

PS 38/19 Eventuelt

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 06.12.2019

Styret drøfta eiga behandling av kraftgrunnlagsaka.

Saksmappenr:2019/3 -5
Arkiv: 033
Sakshandsamar: Lena Kleven Flateland

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
3/20	KIKS - Styret	17.01.2020

Val av leiar og nestleiar i styret i Konsesjonskraft IKS 2019-2023

Dagleg leiar tilrår:

Saka blir sendt ut utan tilråding.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styret må velje leiar og nestleiar.

2. Saksopplysningar

Styret vel sjølv leiar og nestleiar, jf. selskapsavtalen § 6 fyrste ledd, siste setning. Funksjonstida er kommunestyreperioden 2019-2023.

3. Vurdering

Valle, den 10.01.2020

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

PS 4/20 Referatsaker



Finansdepartementet

Sendt digitalt:

www.regjeringen.noVår ref:
2019/12-3Sakshandsamar:
Glenn Qvam Håkonsen, dagleg leiarArkivkode:
S05Dato:
20.12.19

Konsesjonskraft IKS sitt høyrings svar til kraftskatteutvalet sin rapport NOU 2019:16

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er eit interkommunalt selskap lokalisert i Valle i Setesdal, som forvaltar konsesjonskraftrettane til dei 19 kommunane og fylkeskommunen på Agder som har rett på konsesjonskraft. Tre personar er tilsett på fulltid for å ta vare på og forvalte konsesjonskrafta til kommunane og fylkeskommunen. Det gjer vi gjennom å ta vare på dei juridiske sidene av ordninga, samtidig som vi både fysisk og finansielt forvaltar totalt 884 GWh, noko som tilsvarar i overkant av 10 % av all konsesjonskraft i Noreg.

I utvalet sin rapport blir det mellom anna foreslått å avvikle konsesjonskrafta, på eit grunnlag som vi meiner er direkte feil eller mangelfull, og vi vil i høyrings svaret synleggjere dette.

Konsesjonskraftvolum

Rapporten illustrerer konsesjonskrafta som den største bruttoavgifta for eit nytt større kraftverk, og utvalet har rekna den ut til å vere 2,8 øre/kWh. Utrekninga er ikkje vist, men det kan sjå ut til at utvalet har gått ut ifrå at det er 10% av all kraftproduksjon som må seljast som konsesjonskraft, noko som ikkje er riktig i praksis.

$$(38,7 - 11) * 10\% \approx 2,8$$

Om ein bruker utvalets tal på 8,7 TWh konsesjonskraft og 124,3 TWh produksjon i store kraftanlegg i eit normalår så får ein 7% konsesjonskraft. Andelen konsesjonskraft er større i dei store reguleringsanlegga, og sidan desse allereie er utbygd så er det sannsynleg at framtidige utbyggingar vil gi mindre konsesjonskraft enn det som er gjennomsnittet i dag. I Agder har vi eit gjennomsnitt på under 5% konsesjonskraft for utbyggingar dei siste 15 år. Til dømes så vil eit nytt aggregat i ein kraftstasjon kunne gi auka produksjon, men dette gir ingen auka konsesjonskraft.

Utvalet viser til tal for framtidig potensiale i større vasskraftutbyggingar, og av eit totalt gjenstående potensiale på 24,3 TWh så er det bare om lag 5 TWh som vil kunne gi konsesjonskraft. Om ein går ut frå at utbyggingane i gjennomsnitt gir 7% konsesjonskraft vil dette gi ca 0,35 TWh konsesjonskraft. Om då heile potensialet på 24,3 TWh vert bygd ut, så er det dermed under 1,5% av denne krafta som må seljast som konsesjonskraft.

	TWh kraft	Andel konsesjonskraft	TWh konsesjonskraft
Utbyggingar som gir konsesjonskraft:	5	7 %	0,35
Utbyggingar som ikkje gir konsesjonskraft:	19,3	0 %	0
Totalt utbyggingspotensiale:	24,3	1,44 %	0,35

Når utvalet presenterer at konsesjonskrafta gjev eit påslag i balanseprisen på 2,8 øre/kWh er altså ikkje dette representativt for verkelegheita, det er maksimalt 1,9 øre/kWh på dei utbyggingane som gir konsesjonskraft.

Påverknad på OED-pris

Det meste av konsesjonskrafta i Noreg betaler kommunane OED-pris for; dette er ei berekning av gjennomsnittleg sjølvkost. Denne sjølvkosten inneheld mellom anna avskrivningar og kapitalkostnad. Ved investering vil OED prisen auke på all konsesjonskraft, noko som fører til at kommunane samla sett betaler meir for konsesjonskrafta, kraftverkseigarane får altså betre betalt.

Om vi tar utgangspunkt i eksempelkraftverket på 35 GWh i rapporten, så vil det ved 7% konsesjonskraft gi kraftverkseigar rundt 560 000 kr i tapte inntekter per år.

Verdi konsesjonskraft ved OED-pris	
Volum	35 GWh
Andel konsesjonskraft	7 %
Volum konsesjonskraft	2,45 GWh
Nettoforteneste	22,9 øre/kWh
Årleg verdi konsesjonskraft	561 050 kr

Samtidig gjev dette ein auka konsesjonskraftpris for ca 6,3 TWh av landets konsesjonskraft som seljast til OED-pris, som til saman blir i underkant av 800 000 kr.

Påvirkning OED-pris		
Kostnad kraftverk	170 000 000	kr
Rentekostnad	5 %	
Avskrivningssats	2,50 %	
Økt kostnad OED-pris	12 750 000	kr
Kraftgrunnlag OED-pris	104 182 500 000	kWh
Økt OED-pris pr kWh	0,0122	øre/kWh
Volum konsesjonskraft til OED-pris	6 375 000 000	kWh
Auka årleg kostnad for kommunar	780 181	kr

Dette er eit viktig poeng om ein ser samfunnsøkonomisk på kraftindustrien i Noreg under eitt, og er ein effekt som utvalet ikkje har omtalt i det heile teke. Samla sett vil inntektene frå konsesjonskraft for kommunane i Noreg berre auke når kraftprisen er høgare enn sjølvkostprisen

Oppsummering:

Konsesjonskrafta er etter vår meining ei god fordeling av verdiskapinga for dei naturressursane som vert tekne i bruk:

- Den er i kWh, og treng derfor ikkje inflasjonsjusterast.
- Gevinsten av konsesjonskrafta er avhengig av marknaden, risikoen for kraftselskapa er dermed lågare enn om det var ei fast avgift per kWh, og dei får samla sett betalt for kostnaden dei har hatt for å produsere krafta.
- For kommunar med mykje kraft og relativt lite forbruk vert krafta fordelt til fylkeskommunen, noko som gjer at verdiskapinga fordelar seg til dei fleste regionar i Noreg.
- I rapporten skriv utvalet at 1/3 av konsesjonskrafta går til fylkeskommunen og 2/3 til kommunane, men bildet bør nyanserast då det er dei kommunane med mest kraft som beheld minst. På Agder beheld 14 kommunar alt, medan dei fem store konsesjonskraftkommunane avgjev 75% til fylket og står att med 25%.

- Viss det store problemet med konsesjonskrafta er at den er det utvalet kallar bruttoavgift, så kan dette løysast ved å til dømes la verdien av konsesjonskrafta gå til fråtrekk frå grunnrenteskatten krone for krone.

Det siste årets debatt om vindkraft har vist at det er viktig for vertskommunar at det er tilstrekkeleg kompensasjon for naturinngrep. Samtidig ønskjer kraftindustrien stabile rammevilkår. Konsesjonskraftordninga ligg som vilkår i dei fleste store kraftutbyggingar i dag, og har etter vår meining vore eit godt og stabilt rammevilkår i over hundre år.

Det å erstatte tidlegare inngåtte konsesjonsvilkår med ein naturressursskatt er ei dårleg løysing som etter vår meining er juridisk tvilsam. Dette vil og gjere det vanskelegare å få lokal aksept for nye utbyggingar. Når i tillegg effekten av å fjerne konsesjonskraft på potensielle nye utbyggingar er så liten som vi i innleiinga har vist, stillar vi oss derfor svært spørjande til at avviklinga av konsesjonskraftordninga er det viktigaste skattemessige grepet for å få auka ny kraftutbygging, slik utvalet meiner.

Tar ein og med dei andre elementa som blir føreslått endra, kan neppe konklusjonen i rapporten vere tenleg om målet er å få auka mengda fornybar kraft i Noreg.

Med helsing

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar, Konsesjonskraft IKS

PS 5/20 Rapportering - krafthandel og finans

PS 6/20 Status strategiplan

PS 7/20 Eventuelt

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
8/20	KIKS - Styret	17.01.2020

Revisjon av selskapsavtale 2020-2029

Dagleg leiar tilrår:

Styret vel arbeidsgruppe til å arbeide fram forslag til revidert selskapsavtale 2020-2029.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

I selskapsavtalen frå 2014 står det i §12 «revisjon skal i alle tilfelle skje etter avlagt rekneskap for 2018, då dette er tidspunkt for full implementering og sikring av tilgjengeleg kraftvolum frå Vest-Agder».

I KIKS representantskap 17.12.2018, blei det i sak PS 11/18 vedteken «Revidering av selskapsavtalen blir utsett til etter avlagt rekneskap 2019, når alle kommune- og fylkessamanslåingar er gjennomført.»

I tillegg til eigar og ansvarsdel i §12, ser ein fleir punkt i eksisterande avtale som kan vurderast revidert.

Arbeidsgruppa leverer sin innstilling til styret som kan behandle for representantskap våren 2020.

2. Saksopplysningar

3. Vurdering

Valle, den 10.01.2020

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Revisjon av selskapsavtale 2020

Notat: Revisjon av selskapsavtale 2020-2029

Innleiing

Dette notatet tek sikte på å avklare element ved selskapsavtalerevisjonen som skal gjerast neste år. Det listar opp bakgrunnen for endringa, arbeidsdeling, seier noko om avtalen med Vest-Agder, om forhandlingane om selskapsavtalen § 14 og kva endringar som må gjerast i sjølve selskapsavtalen. Avslutningsvis problematiserer eg noko rundt uttreden, og deretter har eg laga framlegg til framdriftsplan.

Notatet er ikkje uttømmende og endeleg, men vil vere ein hjelp på vegen i revisjonsarbeidet til administrasjon og styre.

Bakgrunn for endring av selskapsavtalen

Det fylgjer av selskapsavtalen § 12 at selskapsavtalen skal reviderast dersom endringane i eigardelane blir store, og vidare at revisjon «i alle tilfelle skal skje etter avlagt rekneskap for 2018». Tidspunktet for denne siste revisjonen er valt fordi dette er tidspunktet for full implementering og sikring av tilgjengeleg kraftvolum frå Vest-Agder.

Etter at selskapsavtalen blei vedtatt i 2014 har det framtidige kommune- og fylkeskartet endra seg, effektivt frå 1.1.2020. Frå denne datoen har vi berre ein fylkeskommune, og fleire av deltakarkommunane har anten slått seg saman med andre (Kristiansand og Audnedal) eller både med andre deltakarkommunar og med andre kommunar (Marnardal og Lindesnes). Ein såg det som lite formålstenleg å gjere ein revisjon i 2019 med bakgrunn i formuleringa i selskapsavtalen, for deretter å måtte revidere på nytt når alle kommune- og fylkessamanslåingar var gjennomført i 2020. Representantskapet vedtok derfor å utsette revisjonen til etter avlagt rekneskap for 2019, i sak 11/18.

I ettertid av dette vedtaket har begge fylkeskommunane bede om at selskapsavtalen kjem til behandling i fylkestinget for Agder fylkeskommune før årsslutt. Styret valde derfor å gjere ei mindre endring i selskapsavtalen i 2019, for å få den oppdatert. Denne selskapsavtalen er vedtatt av representantskapet i sak 4/19, og er sendt ut til alle deltakarkommunane for behandling.

Pr 9/1 2020 er denne avtalen godkjent i alle kommunane medan Agder fylkeskommune har utsett saka. Agder fylkeskommune bør difor oppmodast om å handsame denne instrumentelle endringa i gjeldande selskapsavtale så snart som råd.

Avdi representantskapet i sak 11/18 vedtok revisjon etter avlagt rekneskap 2019, skal denne revisjonen gjerast i 2020. Arbeidet må begynne så fort som muleg etter valet, og selskapsavtalen leggst fram for representantskapet så snart rekneskapet er godkjent.

Revisjonen som nå skal gjerast er større og inneheld fleire materielle endringar enn den reint formelle som nå er sendt ut.

Arbeidsdeling

Det er styret som må drive prosessen framover, med klar og tydeleg hjelp frå administrasjonen. Når vi arbeidde med selskapsavtalen ved siste høve, i 2014, så opplevde vi ein politisk prosess i Guinness rekordbok-fart. Når vi trudde prosessen var gravlagt i slutten av februar, fordi det var for knapt med tid til 1. juli som var vår deadline, så såg vi politikarar som tok eigarskap til prosessen og drog den framover. Det gjekk så fort og blei gjort eit så grundig arbeid at allereie i midten av mai sendte administrasjonen ut forhandlingsutfall og selskapsavtalane til kommunane både i Aust-Agder og i Vest-Agder til behandling. Nøkkelen var eit politisk ønske om å få dette til – og eit tilsvarande ønske er vi avhengige av denne gongen også.

Arbeidsgruppa bør bestå av politikarar, og kanskje leiar i PFU. Mitt forslag er at ein tek med leiar i representantskapet, i tillegg til to frå styret og leiar i PFU. Styremedlemmane bør vere ein frå kommunane og ein frå fylkeskommunen. Men viktigast av alt er at dette er politikarar som er engasjerte og dyktige på system og avtalar, det er mykje viktigare enn at dei kjem frå rette kommunen!

Avtalen mellom Kvinesdal, Sirdal, VAF og KIKS

Denne tilleggsavtalen blei i si tid laga fordi to av kommunane og fylkeskommunen i Vest-Agder allereie før dei gjekk inn i KIKS hadde laga nye leveringsavtalar med Eramet. Avtalane går i korte trekk ut på at Kvinesdal og Sirdal/VAF sel ein del av si konsesjonskraft til industribedrifta Eramet. Krafta er aldri innom KIKS, og vi respekterer leveringsavtalane fram til utløpet av dei i 2023 og 2024.

Det er heilt nødvendig å lage ny avtale.

Viktigaste grunnen til at vi treng ny avtale er at volumet som står frå Sirdal/VAF ikkje stemmer, då avtalen dei har med Eramet i utgangspunktet berre refererer til konsesjonskraft som stammar frå 1.-3. byggetrinn. For KIKS sin del var det heilt nødvendig med eit konkret volum den gong Sirdal og VAF gjekk inn i KIKS. Ein fekk derfor fastslått eit volum, og laga denne avtalen. Etter at avtalen blei signert, konstanterte Ludvig Egeland i Eramet at volumet var feil, og dette er korrigert ved dei faktiske leveransane, men ikkje i avtalane. I tilleggsavtalen kjem det fram at det skal leverast totalt 165 GWh frå Sirdal/VAF, men korrekt volum har vore 177,931 GWh i perioden 1.1.2015 – 31.12.2018. Etter endeleg vedtak i kraftgrunnlagsaka er volumet justert ned til 163,829 GWh. Det er dette volumet som må leggest til grunn i ny avtale, og Sirdal og VAF må bli einige om fordelinga seg imellom.

Merk at KIKS har ein e-post i sine arkiv som stadfestar volumendringa frå avtalevolumet til faktisk levert volum.

Det er vidare nødvendig å lage ein ny avtale fordi den opphavlege tilleggsavtalen også omhandlar forholdet til eit uavklara volum i kraftgrunnlagsaka. Dette er nå avklart, og ein treng ikkje i ein ny avtale å omtale eventuelle etteroppgjer. Dette må landast før, eller må i alle fall vere av ein slik karakter at ein ikkje treng ha dette med i ein ny avtale.

Det er viktig å få med i ein ny avtale at avtalane med Eramet blir respektert fullt ut fram til utløpet av dei, høvesvis 31.12.2022 og 30.6.2024. Vidare er det viktig å fastslå voluma frå dei enkelte.

Eg tenker at det også kan vere nyttig å få inn noko om at KIKS kan starte sikringa av dette volumet før «overtakinga», med andre ord at KIKS kan begynne sikre volumet i samsvar med risikostrategien. Per i dag 3 år, slik at volumet frå Kvinesdal kan startast sikrast frå 1.1.2020.

Vidare er det mi meining at det aller beste hadde vore dersom Sira-Kvina kraftselskap også var ein del av denne avtalen. Poenget er at ein då kunne sikra seg frå at SKK ønskjer at KIKS skal ta ansvaret for krafta på vegne av kommunane og slutte med nåverande praksis om å sende kraft og faktura direkte til Eramet. Vi bør syte for at KIKS sikrar at vi på ingen måte har noko med denne krafta å gjere.

Administrasjonen i KIKS vil starte dette arbeidet våren 2020.

Forhandlingane mellom fylkeskommune og kraftkommunane

Representantskapet tilførte fylgjande formulering til protokollen i møte 13. juni 2019, til sak 4/19:

Representantskapet i KIKS ber Agder fylkeskommune ta initiativet til å nedsette eit utval som består av to personar frå fylkeskommunen og to personar frå kommunen til å sjå nærmare på § 14 i selskapsavtalen. Det er viktig at det nå blir ei tilpassing til at vi har blitt eitt Agder. Arbeidet startar så fort som muleg.

Etter det administrasjonen i KIKS er kjent med, er desse tingingane no slutførde. Administrasjonen har pr 9/1 2020 ikkje motteke protokoll ifrå tingingane.

NB! Sist selskapsavtalen var oppe til behandling i 2014, vedtok kommunane i Aust-Agder forhandlingsresultatet i kommunestyra. Då var dette ei eiga sak, før dei i same møte vedtok ny selskapsavtale. Ein må diskutere om dette er nødvendig denne gong, då bør i så tilfelle denne avtalen truleg til behandling i kommunestyra/fylkestinget før den endelege selskapsavtalen (altså i møte i mars eller april).

Endringar i selskapsavtalen

Det er fleire paragrafar som må endrast, både fordi det er praktisk og fordi det er nødvendig. Eg gjer eit forsøk på å liste opp dette i det fylgjande, og dei som ikkje er lista opp treng (truleg) ingen endringar, gitt at selskapsavtalen som nå er sendt ut blir vedtatt og sendt til Brønnøysund.

§ 1 – Firma

Må i siste ledd oppdatere kva avtale den erstattar.

§ 5 – Representantskapet

I tredje ledd har ein reglar om stemmefordeling. Her kan ein vurdere å sette makstal på GWh det kan stemmast for, slik at ein avgrensar fylkeskommunen. Dette kan ein gjere med ei formulering om at ein stemmer for 1 GWh = 1 stemme, men likevel slik at alle deltakarar har minst 1 stemme, og ingen stemmer for meir enn t.d. 100 GWh.

Det er av praktiske årsaker fylkeskommunane har to representantar som stemmer i fellesskap. Vanskeleg å få tak i vara dersom folk blir sjuke på møtedagen, og utan fylkeskommunen blir det ikkje

møte. Dette bør derfor vidareførast (og er føreslått i selskapsavtalen som nå er til behandling, det er berre viktig at dette ikkje blir endra seinare).

I femte ledd er det omhandla frist for innkalling, som i selskapsavtalen er sett til to veker. I IKS-lova § 8, andre ledd er denne fristen fire veker, og det er ikkje der opna for at denne kan fråvikast. Forarbeida opnar i utgangspunktet heller ikkje for kortare frist. Mi tilråding er at dette blir undersøkt grundigare i arbeidet med selskapsavtalen.

Vidare heiter det er IKS-lova § 8, andre ledd, andre setning, at innkalling og sakliste også skal sendast til dei enkelte deltakarane. Dette er aldri blitt gjort, men bør truleg også inn i selskapsavtalen og inn i rutiane. Om det skal inn i selskapsavtalen bør truleg drøftast med PFU, som har best kjennskap til praksis rundt om i dei ulike IKS.

I IKS-lova § 9, siste ledd fylgjer det at leiaren skal syte for at det blir skriva protokoll frå møta. Dette blir gjort i dag (også reglane om signering av møteprotokollen), men det bør inn ei setning i selskapsavtalen om dette, lik den setninga som står under styret.

Vidare står det ingenting i selskapsavtalen om styreleiar og dagleg leiar si plikt til å møte i styremøta, og heller ingenting om at styremedlemmar har rett til å vere til stades og til å uttale seg. Ein bør vurdere om dette er nødvendig å ta med i revisjonen, eller om det er tilstrekkeleg at ein er bunden av overordna lovverk og ikkje minst praksis.

§ 6 – Styret

Eg tenker det er fornuftig å halde talet på styremedlemmer på 7, og fordelinga mellom dei med tanke på kommune/fylkeskommune. Har derimot eit forslag om at ordlyden i fyrste ledd blir endra til «konesjionskraftkommunane» i staden for «kraftutbyggingskommunane».

IKS-lova seier ingenting direkte om varamedlemmar til styret, så dette må regulerast av selskapsavtalen fullt ut. Her har vi variert litt oppigjennom historia, der ein i den førre selskapsavtalen hadde personlege varamedlemmar og nå har «like mange varamedlemer i rekkefylgje». Det vi ser er at det er lite praktisk, og heilt unødvendig å binde opp sju personar til varaplass til styret. Eit døme er varaordførar i Bygland kommune, Vidar Frøysnes, som i utgangspunktet blei valt til vara i representantskapet for Bygland, men som seinare blei valt til 7. vara til styret. Det er utenkeleg at han kjem til å møte på eit styremøte, men grunna varaplassen kan han heller ikkje møte i representantskapet. Eg vil derfor tilrå at det blir valt berre tre varamedlemmar til styret.

I selskapsavtalen fjerde ledd heiter det at innkalling av styremøte kan skje når «minst tre av styremedlemene krev» det. Denne formuleringa er i strid med IKS-lova, der det i § 11, fyrste ledd, andre setning at «medlem av styret (...) kan kreve at styret sammenkalles». Ein bør endre denne paragrafen i selskapsavtalen.

§ 7 – Styret sine oppgåver

Eg kan ikkje sjå at desse treng endrast, men bør kanskje ha ein diskusjon på nettopp dette. Siste ledd (setning), bør flyttast til § 6, slik at regelen om protokoll frå styremøte kjem inn under styret og ikkje oppgåvene. Ein kan vurdere å legge heile § 7 inn under § 6, slik som det er gjort med representantskapet.

§ 8 – Valnemnd til styret

Her bør ein gjere større endringar, og desse må diskuterast grundig i arbeidsgruppa. Eg har derimot nokre forslag som kan diskuterast.

Det er greitt å ha tre medlemmer i valnemnda, så her er det ikkje nødvendig med endringar.

Vi har derimot opplevd at det er tungvint at valnemnda si funksjonstid er over når nytt styre er valt i desember etter valet. Eg har derfor forslag om at valnemnda ikkje blir valt i juni-møtet i kommunevalåret, men at det blir valt ei valnemnd etter at nytt styre er valt på fyrste representantskapsmøte i desember i valåret. Denne valnemnda verkar då heile perioden og avsluttar sitt verke med å legge fram forslag til styre. På denne måten er det også lettare å pålegge valnemnda å vere honorarnemnd.

Oppgåva til valnemnda er som det kjem fram i nåverande § 8, men i tillegg bør det kome fram at den er honorarnemnd. Minner her om retningslinjene som blei laga og vedtatt på representantskapsmøtet i desember 2018.

§ 14 – Fordeling av selskapet sine midlar

Sjå eige avsnitt over som omhandlar forhandlingane mellom fylkeskommunen og kraftkommunane.

§ 18 – Andre reglar

Fyrste ledd må oppdaterast med kva selskapsavtale denne avtalen skal erstatte.

Siste ledd må presiserast nærmare, med til dømes ei formulering om at avtalen er uoppseieleg i perioden.

Framdriftsplan

I januar er det konstituerande styremøte. På dette møtet må det veljast ei arbeidsgruppe som skal arbeide med selskapsavtalen utover våren. Ein bør allereie i dette styremøtet ha ein gjennomgang av selskapsavtalen paragraf for paragraf, slik at heile det nye styret har ei klar førestilling av kva selskapsavtalen er og kva den inneheld.

På det neste styremøtet bør det leggjast fram førebels arbeid av arbeidsgruppa, til diskusjon i styret. Evt endringar blir gjort og arbeidd vidare med i arbeidsgruppa, fram til endeleg behandling i styret i april/mai. På same møtet må årsrekneskapet vedtakast.

Etter ferdigbehandling i styret, må saka opp til representantskapet. Då er det viktig at ein vedtar årsrekneskapet fyrst, deretter utbetaling til deltakarane, og til slutt selskapsavtalen. På denne måten kan det gjerast i same møte.

Etter representantskapet må selskapsavtalen sendast ut til alle deltakarkommunane for vedtaking. Avtalen må deretter signerast av alle ordførarane, før den kan sendast til Brønnøysundregistra.

Når	Kven	Kva
Januar 2020	Styremøte	Konstituere styret Gjennomgå selskapsavtalen Velje arbeidsgruppe
Februar	Arbeidsgruppe	Utarbeide utkast selskapsavtale
Mars	Styremøte	Diskutere utkast selskapsavtale
April	Arbeidsgruppe Styret	Endeleg utkast selskapsavtale Vedta utkast selskapsavtale
Juni	Representantskap	Vedta utkast selskapsavtale
Juni	Administrasjon	Sende utkast til deltakarane for handsaming første møte i kommunestyre/fylkesting
Oktober	Administrasjon	Signingsferd

Glenn Qvam Håkonsen

Dagleg leiar